



Gravrøys på Solnes, Ytre fjord. Mot nordaust med Raudeberget bak (foto Ø.Engedal)

Under Hesten III

Grav, kvern og kross

Av Ørjan Engedal

Det ligg ei gravrøys på eit nes under lyng og sprakje. Stein på stein lagd av menneskjehand, som i trass mot naturen sine eigne byggverk. Dauden er ei renning i livsveven gjennom tusenåra. Kom denne dauden i strid eller fred? Snøgt som ei kald sverdsegg eller snikande som pest og sjukdom, i barsel eller ulukke? Gråten har stilna, tårene og sveittan har turka, både lik og sørgjande er mold. Men røysa ligg der...

KJELDER

Frå dei siste 2500 åra av førhistoria er dei fleste spora frå Hyllestad anten graver, under røys, haug eller flatmark, eller det er merke eller avfall frå tilverking av kvernstein. Kvernsteinsoga er i gode hender og endrar seg no år for år, difor skal eg her gje mest merksemd til gravene. Mange av gravrøysene er i dag fjerna, men nokre står att som *faste, automatisk freda kulturminne*. Nokre inneheldt gravgods lagt med den døde i grava. I nokre tilfelle er også dette bortkome, men ofte er gjenstandane tekne vare på og leverte til Bergen Museum der dei er oppbevarte i dag. Gravene er kjelder. Dei er merke i landskapet som me framleis kan

vitje og er slik kjelder til oppleving. Dei er kjelder til tidfesting, busetjing, til makt- og eigedomstilhøve og til rituelle handlingar og religiøse førestellingar.

MUSEUMSFOLK I HYLLESTAD

Tidlege oversyn over fornminne i kommunen får me fyrst og fremst gjennom eidsvollmann og grunnleggar av Bergen Museum W.C.K. Christie (1778-1849), biskop i Bergen Jacob Neumann (1772-1848), og den sær historisk interesserte eidsvollsmannen Ole Elias Holck (1774-1842). Innanfor Bergen Museum sitt distrikt, altså Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre, har me høvesvis godt oversyn over faste fornminne. Dette kan me i stor grad takke arkeolog Per Fett (1909-1996) ved Bergen Museum for. Allereie før krigen, gjennom dei fem krigsåra og langt ut i syttiåra reiste Fett frå gard til gard og registrerte fornminne. Lenge var Fett ein syklande arkeolog; ikkje før sist i sekstiåra fekk han bil til dette arbeidet. Resultata vart publiserte i serien Førhistoriske Minne på Vestlandet og er i dag digitalisert og tilgjengeleg for alle. Her samla han informasjon gardsvis, ikkje berre om eksisterande faste fornminne, men

og om slike som var fjerna, funn leverte til museum, og funn som hadde komme bort. Dette gjer serien til ei einestående kjelde. Heftet som omhandlar Solund og Hyllestad Prestegjeld kom ut i 1954. I samband med fylkeskartkontora si kartlegging for Det økonomiske kartverket vart det gjort ny registrering av faste fornminne i Hyllestad juli og september 1981. Dette arbeidet vart leia av Artur Fasteland ved Bergen Museum. Lat oss så gjere ei reise i døden og vitje dei førhistoriske gravene i Hyllestad.

INNOM BEKKSNESET

Det kan vere av interesse å starte ferda i tilgrensande strok i nabokommunen Høyanger. På Aven bruk 1 skal det ha vore fleire gravhaugar på ein bakkekam som vart fjerna eller pløgde ned før 1900. Når riksvegen vart bygd, vart ein haug kalla *Øyrehaugen* fjerna, og det vart rapportert om eit tommetjukt lag med kol. På bruk 3, vest for husa, ligg framleis ei jordblanda røys kjend som *Løehaugen*. I ein bratt bakke på bruk 5 ligg restane av *Bygdehaugen*. Denne vart granska av Fett i 1941. I røysa fann han to kister bygde av heller, begge med dekorerte spannforma leirkar typiske for folkevandringstid, samt kniv, pilspiss og bryne.

Vidare ut fjorden finn me tre røyser på Alvera. På bruk 1, i grensa mot Råe, ligg *Håkallerøysa*. Her skal tidlegare ha stått ein bautastein; i dag står grensesteinen midt i røysa. På Alverneset 200 meter sørvest ligg to mindre røyser. Truleg er det desse Holck refererer til med funn av ”kul, aske og beenstumper”.

På Ringereide straks utom Alvera fann bonden på bruk 2 eingong før 1920 det som truleg var ei grav frå merovingartid, og leverte eit einægga sverd, ei øks og mindre jernfragment til Heibergske Samlingar. Funna vart sidan overført til Bergen Museum. Grava kan tidfestast til tiåra før 800.

Vidare fer me ut til prestegarden i Lavik. Her er funne eit

såkalla miniatyrsverd i bronse i åkeren der bispestova eingong sto. Sverdet er mest truleg frå yngre bronsealder, og må skrive seg frå ei grav øydelagt av tusenår med plog. Så gjer me ein avstikkar oppover i Lavikdalen. På *Svineshaugen* på bruk 1 Mølmesdal låg truleg minst tre graver. Den eine var ei mannsgrav med sverd, spyd, øks, bor, skolp og holkøks saman med brende bein og oske. Den andre var óg ei mannsgrav, denne med øks, kol og oske. Den tredje var ei kvinnegrav med vevskei og to ovale spenner i bronse, også dette truleg ei branngrav (kremasjon). Den første grava kan tidfestast til 900-950, dei to andre til 900-1000. Alle tre synest å ha lege under flat mark eller i naturlege haugar av grus og fliseberg.

Me følgjer fjorden att, vidare ut til Hellebø. På bruk 1, 15-20m frå sjøen, ligg restar av ei røys. Tidlegare skal her ha stått ein bautastein, og i dag går ein steingard over røysa. Som *Håkallerøysa* på Alvera synest også denne å ha vore knytt til grenser og bautastein.

Nærast kommunegrensa mot Hyllestad ligg to røyser på Bekken, begge på bratte hamrar på bruk 1 med vidt utsyn både inn og ut fjorden. Den inste ligg på Naustneset, den ytste på Varden der det óg ligg ein stor og godt bygd varde. Varden understrekar den majestetiske plasseringa av røysa.

BØFJORDEN

Me rundar so Bekksneset og kommunegrensa og set inn Bøfjorden. Stortingsmann Holck nemnde i 1835 ei røys på Heggebøen, men ingen kunne minnast ei slik røys då Fett spurde seg føre meir enn hundre år seinare. Kanskje var ho fjerna? Spurde han feil folk? Kanskje finst ho framleis?

Me må bort på andre sida av fjorden for å finne sikre funn. På ein kolle på eit nes innom Andersvikja, på Ytre Bø bruk 3, ligg ei stor gravrøys. Fett målte røysa til 25-30 m på femtitalet. Røysa var noko utkasta og vart restaurert

av Bergen Museum i 1978, og vart målt til 18-25 m i tverrmål i 1981. Denne røysa var på folkemunne kjend som *Rudkalleurda*. Namnet vitnar om ei førestelling om ei røys bygd av eller for mannen som først rydda garden. Ved sida av *Gåsehaugen* (20-22 m) på Indre Oppedal er dette det største forhistoriske gravminnet i Ytre Sogn.

100 meter nedom husa på Ytre Bø, bruk 2, vart det oppdaga ei hellekiste under flatmark. Kista var utan funn berre med mørk jord i botnen.

Inst i Bøfjorden på Indre Bøe, bruk 2, låg ei røys til. Denne var også kalla *Rudkalleurda*, og var synleg for Holck i 1830 åra og for Fett tidleg på femtitalet, men vart ikkje funnen att ved dei siste registreringane i 1981. Røysa låg ”vest for elveosen, 75m N for stova, tett N for ein liten bekk og 11-15,m frå ei lita vik”. Fett omtala røysa i fortid ”låg” medan den andre *Rudkallurda* i notid ”ligg”. Likevel har han detaljerte mål frå botnen til toppen, og hevdar at her ikkje var kiste eller funn. Dette kunne tyde på at røysa nyleg var fjerna eller i ferd med å verte fjerna. Kanskje er her framleis restar av røysa?

Me siglar utetter Bøfjorden, rundar Kjekeneset, Nesholmen og styrer inn i Setevika. I Haugsåkeren tett ved grensa mellom bruk 1 og 2 på Setevik vart det gjort funn i 50-åra. Det er uvisst om det har lege ein gravhaug i åkeren, men namnet tyder på det. Funna vart i alle høve funne i nedre kant av åkeren: spyd, øks, holkøks og eit skiferbryne. Spydet skal tidfestast til kring 800, medan øksa helst til perioden 900-950. Truleg har me her restar av to graver.

LIFJORDEN

Ytst i munninga på Lifjorden ligg Risnesøyna og stenger. Fett merka seg fire røyser på øya, ei på Skoganeset i innløpet i Indre Lистраumen og tre i ei klynge inst i Indre Lистраumen. Ved nyregistreringa i 1981 vart det funne heile fire

nye røyser kring Raunevågen sørvest på Risnesøya, med vidt utsyn over Tollesundet, Losna og Sognesjøen. Det er altså åtte gravrøyser på den vesle øya i fjordmunninga.

Vel inne i Lifjorden fer me forbi landet under Risnes og gjer strandhogg på Hovland. Namnelekken ”hov” viser at staden må ha vore ein sentral kultplass før kristninga. I bakkane over vegen mellom tuna på bruk 2 og bruk 8 ligg to godt synlege gravrøyser, den eine kalla *Tipphaugen*. Røysene er begge 9 m i tverrmål og var i Fett si tid i god stand, ei ”mest urøyvd” den andre ”urøyvd”, likeins ved registreringane i 1981. Vest for røysene, 75m aust for tunet på bruk 8, dukka ei hellekiste fram kring 1931-32. Kista var mannslang, låg øvst i ein naturleg haug, og var bygd av heller som ifølgje finnaren måtte ha komme annanstads frå. Her var ingen funn sett bort frå litt kol bak gavlane.

Vidare kjem me til Lundeland. Mellom steinalderfunna Magnus Lundeland samla opp frå Løeåkeren på gamletunet (sjå Sogeskrift 2006), var det og yngre funn: ei holkøks i jern frå yngre jernalder, eit spinnehjul og ei spelebrikke i stein truleg frå jernalder, og delar av stjertpotter og kritpiper frå historisk tid. Noko av dette kan skrive seg frå ei overpløgd grav. På bruk 1 skal det også ha vore funne ei hellekiste 20 m sør om stova, men utan gravgods.

Forbi Lekva og rundt Manneset ligg Hellem. På innmar-ka til bruk 1, i områda sør om husa nær gamletunet, vart det i 1970-åra funne delar av eit einegga sverd med eit bryne liggande skrått over på ein stad, og ei jernøks på ein annan. Begge stader vart det funne fleire kolgropar med og utan stein i. Finnaren meinte også å ha registrert fire hjørne til eit hus på ei flate. Funna kan tidfestast til 800-850. Finnaren nemnde ikkje haug eller røys, og me får gå ut frå at dette har vore ei flatmarksgrav.

Forbi dei bratte hamrane under Raudeberget når me Solneset på Ytrefjord bruk 2. Her ligg ei røys, 12-16 m i tverr-

mål. Ho er overgrodd med lyng og eine, men framleis godt synleg. Som så mange andre har ho eit tydeleg krater i toppen, merke etter inngrep.

KRING KLEIVE- OG AKSEVATNET

Frå Indrefjord tek me over Kolgrov til Kleivevatnet, og me nærmar oss no kvernsteinslandet. Men lat oss fyrst gjere ei rundreise på gardane kring Kleive- og Aksevatnet.

På Akse, bruk 8, låg ein haug øvst på terrassen 80 nord-aust for tunet. Haugen var 10 m i tverrmål før han vart pløgd ned. I toppen i mørk jord kom fram ei vikingtidsgrav: eit einegga sverd, eit tveegga sverd, to spydspissar og ei øks. Alle gjenstandane har glødeskal og har såleis truleg vore lagde i kremasjonselden saman med liket. Grava høyrer heime 900-950.

I andre enden av vatnet, på Byrkjeland, bruk 1, låg ein haug 8 m i tverrmål. Her hadde vore gjort innhogg i sida av haugen, og gjort funn av eit jernsverd med bronse på hjaltet og leirkrukke med bogne veggjar og rutemønster. Funna vart aldri levert til museum og er bortkomne. Skildringa av leirkaret peikar tvillaust mot spannforma keramikk, typisk for folkevandringstid. Haugen skulle ha lege tett ved Aksevatnet vest-sørvest for tunet, altså nedom riksvegen tett i grensa mot bruk 4 (Ekrehaugen).

På Attrås, bruk 6, mellom tunet og utløpsosen frå Aksevatnet, Lona, kom for dagen eit gravfunn med sverd og øks med brei egg. Sjølv om funna er bortkomne, let grava seg tidfeste til yngre jernalder. På Vestlandet dukkar øksene opp i gravene frå kring 500, men dei får brei egg fyrst i yngre jernalder.

På Kleive vart det ved nydyrking før 1906 oppdaga ei grav under flatmark, akkurat kvar er uvisst. Her vart funne delar av eit einegga sverd og ei øks. Geir Helgen reknar Kleivegrava til den fyrste delen av merovingartid, 560-700.

ÅFJORDEN

Me let oss deretter drive med elva ut frå Kleivevatnet inn i kvernsteinslandet på Myklebust, med hogstberg både på Myregjerdet på venstre handa og oppe i bakkane på høgve handa. Her har steinhoggarane omdanna landskapet gjennom storstilt produksjon av kvernstein gjennom minst 500 år. Her veit me no óg at steinkrossar vart hogde, krossar som var del av ein misjon og ei tru i konflikt med dei gravrituala som me såg lenger oppe langs vassdraget. Me finn dei heidenske skikkane også lenger nede. På prestegarden på Myklebust ”midt mellom løa og kyrkja”, låg ein gravhaug. Det skulle ha vore uskriven lov at haugen ikkje skulle røvast, men Christie, grunnleggjar av Bergen Museum, hevda at toppen av haugen likevel var utgreven. Haugen vart seinare teken av eit leirras, og me fekk såleis heller aldri måla på han.

Me er no i Åfjorden med fjordarmane Hyllestad- og Sørrefjorden. Dette er kvernsteinslandet, med spor av uttak nær sagt alle stader der berget byr seg fram: på Myklebust, Hyllestad, Sæsøl, Sørrefjord, Berge, Rønset, Leirpollen, Indre og Ytre Hatlem, Øn, Sørbø, Rutle, Indre og Ytre Gil, Eide, Åsmul, og Borsholm. Her vart produsert handkverner iallefall frå 700-talet, vasskverner truleg alt i vikingtid, og 23 av dei 40 kjende krossane på vestlandet. Me tek med oss det som er av andre funn på ferda ut Åfjorden.

I 1865 i ei elv på Gjerde på eidet mellom dei to sidefjordane, vart den mykje omtala samlinga sølvmyntar frå vikingtid funne. Myntsamlinga vart truleg lagd ned i tida etter 1029.

Oppå *Kyrkjegardshaugen* på Sørrefjord låg ei jordblanda røys eller haug med markert fotkjede (ring av steinar kring foten). Haugen var 8-10 m i tverrmål og inni vart det kring 1900 funne kol og bein under nokre store heller. Arkeologen ved Bergen Museum som førte tilveksten av funn i



Fig. 2.
Funn frå
jernalderen i
Hyllestad og
områda
rundt.

pennen i 1912, omtala *Kyrkjehaugen* som ein stor gravhaug med ein mindre gravhaug oppå. Fett rekna førte år seinare tydelegvis *Kyrkjehaugen* som ein naturleg haug, med ein mindre gravhaug liggande oppå. I 1922, under flatmark 10 meter frå haugen, vart det funne ei grav frå vikingtid. Funna var eit einegga sverd, ei øks og truleg ein pilspiss. Medan pilspissen vart kasta av finnaren, kom sverdet sidan vekk på Bergen Museum. Me veit likevel nok til å tidfeste grava til 800-850. Tett ved grava med funn vart det i myrkanten funne ei mannslang kiste bygd av heller, men denne var utan funn.

På Rønset skal ha vore kjend ein gravhaug med sverd og øks seinast i 1830-åra, men denne var ukjend på Fett si tid. Ottar Rønneseth hevdar at dette *ikkje* var ein gravhaug, men at funna vart gjort i eit av brotområda for kvernstein kalla *Haugane*. Kanskje kan me då tru at grava var skoren ned i ei røys av produksjonsavfall, og at grava var yngre enn starten på kvernsteinsverksemda her?

På Hatlem skal ha vore kjend ein stor haug kalla *Krosshaugen*. Namnet skal ha kome anten av at det ein gong sto ein kross på haugen, eller av at krossen i Korssundet skal ha vore hoggen der. Haugen låg rett nordaust for husa, men var borte på Fett si tid.

På Øn bruk 7 har me to graver. Den første låg under ein liten haug, 4-5 m i tverrmål, i Klonareina, 6 m sør for gardsvegen. Her var øks og meisel i jern, meiselen er seinare bortkommen. Øksa tidfestar grava til sein merovingartid eller tidleg vikingtid. Den andre grava låg under flatmark 50 m lenger nord, og inneheldt ei øks, delar av eit sverd, ei holkøks og mykje kol. Denne grava reknar Geir Helgen til gruppa av typiske merovingartidsfunn, tidfest til 700-800. Fett hevdar at her truleg hadde vore haug over.

Vidare ut i ytste Åfjorden ligg tre røyser kring Rotevikja, i stranda på Skivenes, bruk 1 og 2. Dei tre røysene er

mellom 5 og 8 m i tverrmål og ligg i særskupt terreng. Lengst ute på Skiveneset, ved bukta ved Presteflæa, ligg to andre røyser, 7-9 m i tverrmål. I kanten av den eine ligg ei stor helle 1,35 m lang og 0,4m brei, anten ein bautastein eller helst del av eit gravkammer. Det skal ha stått ein bautastein ”paa neset ved Skivenesvaag”, men denne var ukjend på Fett si tid. Og dette var dei siste gravminna før kommunegrensa mot Askvoll.

NORD FOR SKIVENESET

Me siglar vidare nordetter for å runde av med litt overlapp. På Folkestad finn me ei grav frå folkevandringstid, med spannforma keramikk, sverd og hellekiste under flatmark. Dette er den fyrste grava frå eldre jernalder utom Aven og Byrkjeland, og Indre Oppedal og Takle på sørsida. Det ligg òg ein mindre haug på same garden, og her er rapportar om to andre hellekister. I leia nord for Korssundet møter oss ei samling av røyser: ei på Lammetun, to på Vardeholmen og 10 røyser på fastlandet under Eina. Ingen av desse kan tidfestast. Vidare kjem me til Fure med heile 8 haugar eller røyser og 2 graver under flatmark. Desse romma fleire rike graver frå vikingtid og merovingartid, men truleg òg ei grav frå eldre jernalder. Endeleg kjem eit armband frå vikingtid på Hellevik, funne laust i jorda.

Ser me på innlandet bak Hyllestad, finst det ei vikingtids øks frå ei nyare tids smie på Rennestraum, eit vikingtids gravfunn frå Bjordal og to frå Tuland. Innlandsruta Flekke-Vadheim langs Hovlandsdals- og Guddalsvatnet var tydelegvis i bruk, og gardane langs oppdyrka. Lenger nord, og på grensa til kva som høver her reint geografisk, er gravene på Myklebust og Hauge ved Strandavatnet. Her er rike graver frå folkevandringstid, merovingertid og vikingtid. *Ospehaugen* på Myklebust hadde ei vikingtidsgrav med bitar av særskupt tynne over- og understein til ei handkvern.

Om ikkje kverna er frå Hyllestad, så viser denne grava saman med ei grav frå Frettheim i Aurland (som inneheldt ein stein frå Hyllestad), og ei frå Kjølstad, Eid i Nordfjord, at handkverna vart gravgods i mannsgraver i vikingtid.

GRAV, KVERN OG EIGEDOM

Hyllestad merker seg ut på det arkeologiske kartet i yngre jernalder med storstilt produksjon av kvernstein i Åfjorden, og med myntskatten frå Gjerde. Men kva med den lange perioden eldre jernalder 500 f.Kr. til 560/70 e.Kr.? Det tapte gravfunnet frå Byrkjeland er det einaste gravfunnet frå denne perioden i kommunen. Det er også det einaste mellom Aven og Folkestad. Ei hovudproblemstilling i den lokale saga, og i saga til Ytre Sogn, vert såleis byrjinga på kvernsteins saga: *kven var hovudaktørane bak organiseringa av tilverking og utskipping av kvernsteinen frå Åfjorden i yngre jernalder?*

Frode Iversen har teke utgangspunkt i eigedomstilhøva i mellomalderen. Desse er resultat av ein kompleks prosess der kyrkje, kloster og konge i løpet av hundreåra etter ca. 900 la under seg mange gardar i storgods. Hovudtanken til Iversen er at i eigedomstilhøva i tidlege skriftlege kjelder, ser ein restar av eldre godsstruktur i hendene på stormenn og høvdingar i yngre jernalder før rikssamlinga. I tillegg knyter han eigedomstilhøva til arkeologiske kjelder, synlege gravminne som haugar eller –røyser. I mellomalderlovene er gravminne og odell kopla saman, og dette vert tolka som at også i yngre jernalder var det berre sjølveigarar med odell som kunne reise synlege gravminne. Iversen sluttar vidare at område utan slike graver difor kan ha vore område utan sjølveige, altså delar av storgods. Han fann eit geografisk samanfall mellom gardar i Ytre Sogn med få gravhaugar og lite sjølveige.

Iversen har særskilt argumentert for at lendmannsgar-

dane i mellomalder var kjernar i slike eldre gods. Soga om Håkon Håkonsson fortel at ein viss Isak i Bø hadde sysla i Sogn, altså at han var syssel- eller lendmann, i 1239. Av åtte Bø-gardar i Sogn fell valet på Bø i Bøfjorden i gamle Lavik skipreide, sidan a) han er den einaste med mellomalderkyrkje, b) han var del av ein større eigedomskonsentrasjon på 1600-talet, og c) har eit gravminne som kan klassifiserast som storhaug. Fleire forfattarar har ytra tvil om at gardane på Losna var den opphavlege kjerna i Losnagodset. Iversen si argumentasjonsrekke er som følgjer: om Isak i Bø verkeleg sat i Bøfjorden i 1239, kan også Bø ha vore den opphavlege kjernen i det som skulle verte Losnagodset. Dette godset kan ha røter godt tilbake i vikingtid, og kan då og ha hatt herredøme over kvernberga i Åfjorden.

Irene Baug har på si side hevda at Øn, også med kyrkje i mellomalderen, kan ha vore kjernen i eit slikt stormannsgods, sidan gravhaugar finst på Øn, men manglar i eit større område rundt. Mennene i gravene på Øn var i tilfelle mektige stormenn med kontroll over den eldste kvernsteinsdrifta på 700- og 800-talet.

Ytre Sogn og Hyllestad har altså eit generelt samanfall mellom lite sjølveige i mellomalderen og få graver frå yngre jernalder. Desse to kan koplast saman til at gravene ikkje vart reiste fordi gardane ikkje var sjølveigde i yngre jernalder. Men me lyt òg spørje oss kvifor gravhaugar òg er sjeldne i eldre jernalder i Ytre Sogn? Kva tyder rike graver under flat mark? Kva med graver i naturlege haugar? I røyser av avfall frå kvernsteinsproduksjon? Ser me verkeleg to mektige godsherrar i gravene på Øn? Kva med alle gravminna som ikkje er tidfeste? Lat oss ta tak i det siste først.

KOR GAMLE ER GRAVENE?

Gravene på Risnesøya kan minne om eit gravfelt, dei ligg



Fig. 3. Eksisterende og fjerna gravhaugar/-røyser i Hyllestad og områda rundt.




Fig. 4.
Hyllestad i perioden
400-1050.

i det som må reknast som utmark og markerer truleg ikkje odel eller eigedom til ein særskilt gard på land. Kor gamle er dei? Eit spor kan i dette tilfellet vere høgda over havet. To av røysene ved Inste Listraumen ligg 5 m over havet, ei av røysene på sørsida av Raunevågen ligg 4 moh. Røysa på Ytrefjord ligg også lågt, kring 5 moh. Slike låge røyser finn me og nordetter kysten, til dømes ei av røysene på Alden, på vestsida av Aldeneset, og to av røysene på Fure. Røysa i fjøra i Kleivehågvik på Fure er den einaste med funn, men ingen veit lenger kva som vart funne. På nordsida av Vilnesfjorden, på Atløy, finn me informasjon av interesse. På Leirvåg og Mjåset ligg ei rekkje helleristningsfelt frå bronsealderen. Feltet Mjåset I ligg 5,40m over havet og har båtfigurar typiske for eldre bronsealder, medan Mjåset II ligg 4,60moh og har båtar typiske for slutten av bronsealderen. Trond Løvdøen estimerer havet til om lag fem meter over dagens i Ytre Sogn kring 900 f.Kr, altså i yngre bronsealder. Moglegvis var ristningane med båtsymbolikk medvite plasserte innanfor flomålet, slik at bølgiene skola over berg og båt. Liknande tankar kan sjølvstapt også ha lege bak gravene i Lifjorden, men meir truleg er det at røysene som ligg 5 moh eller lågare er yngre enn bronsealderen. Om alle røysene på Risnesøya er frå same periode, kan me slutte at dei, og røysa på Ytrefjord, mest truleg er frå jernalderen. Lenger kjem me ikkje via endringar i havnivået.

Steinbygde kister er i følgje Bergljot Solberg i det heile uvanleg i merovingartid og vikingtid, altså etter 560/70. Dette synest å halde stikk i Ytre Sogn. Ingen av dei sikre gravfunna frå yngre jernalder nemnde ovanfor, hadde hellekister. Gravene frå eldre jernalder frå Aven, Indre Oppedal, Folkestad, Fure og Myklebust (Fjaler) kom frå hellekister, eller kan setjast i samband med slike. Såleis er rapportar om hellekister frå Hovland, Lundeland, Sjørefjord og

Indre Bø i Hyllestad gode indikasjonar på ei tidfesting til eldre jernalder.

GRAVA SOM RITUELLE LEIVNINGAR

Grava og gravhaugen kan ikkje berre sjåast i lys av eigdomsrett. Kva med røysene på gardlause holmar nordetter leia: Risnesøya, Vardeholmen, Grytøyholmen, Sauesundøyane, Prestøya? Og på nes i utmarka, langt frå hus og åker som på Skiveneset? Kva tyder desse, kven er gravlagde her? Er det leiglendingane som vert gravlagde på nøytral grunn? Plasseringa vitnar likevel om makt og herredøme: røysene okkuperar dei mest dominerane nesa og framspringa. Var tanken å ikkje bruke verdifull slåttemark og åkerjord? Eller var tanken tvert om å komme nærare fjorden og sjøen? Var målet utsyn over fjorden og å verte sett frå fjorden? Nyare granskingar av gravferdene ved Oseberg i Vestfold og Myklebust i Nordfjord har vist dei særse komplekse førestellingane kring død og grav i vikingtid.

Monumentale gravhaugar og røyser var ein skikk som første gongen breidde om seg i eldre bronsealder. Etter ein lang periode med meir smålåtne graver, breiar skikken seg på ny i hundreåra etter kristi føding. Han nærmar seg Hyllestad fram mot yngre jernalder frå Nordfjord i nord, frå Indre Sogn i aust og Midt-Hordaland i sør. Kva retning mannen i Byrkjelandsgrava hadde kontaktane sine, er uråd å vite.

Både sverdet og øksa frå Sjørefjordgrava bar tydeleg preg av å ha vore med på kremasjonsbålet, og sverdet var bøyggt. Terje Østigård hevdar at sverd som er bøygde slik som sverdet frå Sjørefjord, viser at smeden var involvert i rituala kring døden. Smeden sto sentralt i den førkristne kulten, og kunnskap om eld og metall, og transformasjon, var ein vesentleg del særskilt av døderituala eller gravferda.

Me skal og legge merke til at ingen av dei nokonlunde

sikkert tidfeste gravene er seinare enn 900-950. Dette er i tråd med biletet frå heile Sogn, og er tolka som overgong til kristen tru og gravskikk kring 950. Kristen gravskikk forbaud kremasjon, haug og gravgods, og grava skulle orienterast aust-vest med hovudet i aust, på kyrkjegarden. Her er enno ein faktor å ta omsyn til i tolkinga av distribusjon av graver i høve til eigedom og godsstruktur: område med relativt færre graver kan ha gått over til kristen gravskikk tidlegare enn område med relativt fleire graver. Få graver kan såleis vitne om tidleg kristning heller enn stor-gods.

FRAGMENT TIL EI NY FORTID

Manglande funn og endringar i funnbiletet i førhistoria har ofte vorte tolka som kriser. Tidlegare forskning såg mangelen på funn frå den eldste jernalderen (0-500 f.Kr) som resultat av klimakrise og kvegpest. Nyare granskingar har tvert om vist ein jamn og ubrotten ekspansjon i jordbruk og busetjing gjennom yngre bronsealder og den eldste jernalderen. Likeins såg ein manglande funn frå overgangen eldre og yngre jernalder som ei krisetid der gardar vart lagt aude på grunn av den Justinianske pesten, som på kontinentet herja om lag like mykje som den seinare Svartedauden. I denne overgangen, særskilt århundret 500-600, meiner mange no å sjå heller ei maktkonsolidering, og at grunnlaget for den ekspansive vikingtida vart lagt nettopp her. Viktige trådar som leidde fram mot kvernsteinsindustrien i Åfjorden, ligg truleg gøymde her.

Lenge var ein nøydd til å skrive førhistorie ut frå gravfunn og stadnamn. Nye arkeologiske granskingsmetodar og radiokarbondatering dei siste 30 åra er i ferd med å risse opp eit ganske anna bilete. Slike granskingar er fyrst og fremst knytte til større utbyggingstiltak som veg og bru, og slikt har det vore mindre av dei siste tiåra i Hyllestad.

Granskingane gjort i samband med masteroppgåvene til Silje Øvrebø Foyn og Anja Nordvik Sætre har likevel gjeve oss ein smakebit av eit slikt nytt bilete også i Hyllestad. Rønset synest etter alle mål å vere ein middels gard i desse traktene, om ein ser vekk frå kvernsteinsressursen; med eit –set namn som peikar tilbake iallefall til vikingtid. Dei nye granskingane har sannsynleggjort dyrking på plassen Rønsetlia allereie frå slutten av steinalderen, og spora vert tydelegare både på Rønset og Sæsol gjennom eldre og yngre bronsealder, og heile jernalderen.

GRAV, JERN OG KVERN

Det er såleis ingen grunn til å tvile på at det fanst folk på mange av gardane i Hyllestad gjennom heile jernalderen. Desse vart sjølv sagt også gravlagde. Det me lurar på, er om dei vart gravlagde med rikt gravgods og om det vart reist haugar eller røyser over dei slik som på mange gardar lengre inne i Sognefjorden. Om her fanst eit tidleg maktsenter, synest dette å ha lege kring Aksevatnet. Det tapte funnet frå Byrkjeland er den beste kandidaten her. Dei andre kistene, som truleg er frå same tidsrommet, var tomme og utan haug eller røys over. Ein kan tolke dette som at Hyllestad var relativt tunt folkesett, konkurranse om makt og ressursar var lågmelt og at folk i liten grad deltok i nettverk der spannforna keramikk, prangande smykke og våpen vart utveksla. Det er viktig å hugse på at det knapt var råd å stå heilt utanfor desse nettverka: bøndene var heilt avhengige av jernet til skjerande egger og anna – nettverka som distribuerte kvalitetsstein eller bronse til slike føremål var forlengst nedlagde. Lat oss så henge ved nettopp jernet. Jern til sigd, ljå og lauvkniv – utan jern inkje vinterfôr til dyra. Jern til øks, kniv og stemjern – utan jern inkje treskaft til reiskap, stolpar og bordgongar til hus og båt. Å ikkje ha tilgang til jern var det same som å ikkje ha tilgong

til den basale materielle kulturen i tida. Hyllestad låg langt frå dei kanskje viktigaste ressursane for makt i eldre jernalder: jernhaldige myrer og villrein. Maktsentera i Sogndal, Aurland og Vik hadde truleg jernvinne og villreinfangst som del av sin basis. Jern bytte dei mot det overskotet som bøndene i Hyllestad og andre produserte: tjøre, smør, skinn, fisk, pelsverk. Desse maktsentera konkurrerte og samhandla med kvarandre og liknande senter i aust, i sør og i nord. Truleg deltok menn frå desse sentera i krigstokter og ekspedisjonar i Danmark og på kontinentet og var såleis i kontakt med romersk og frankisk område. Det er lite som tyder på at folk frå Hyllestad var aktive i desse nettverka og hevda seg i konkurranse med desse bygdene. Den typiske vikingtidsgrava var jernkrevjande: tunge våpen og gjerne eit rikt utval av reiskapar. Kvernsteinsproduksjonen var jernkrevjande: reiskapane måtte ha tyngd for å vere effektive og dei slitst relativt snøgt mot berget. Spørsmålet må verte: *kva rolle spela desse gamle maktsentera i dei prosessane som førte til ei brå auke i gravfunn i Ytre Sogn og til opninga av kvernberga i Åfjorden?*

Moglegvis må me skilje starten på produksjonen frå ekspansjonen i produksjonen i kvernsteinsberga? Den første på lokale hender, den andre i hendene på storfolk?

Handkverner er kjende i Skandinavia frå før år 0, og denne kunnskapen kan ha vore enklare og meir tilgjengeleg enn me tenkjer oss i århundra fram mot 700-talet. Kanskje var handkverner av passeleg kvalitet i bruk på dei fleste gardar på Vestlandet gjennom desse hundreåra, i alle fall i folkevandringstid som på Ullandhaug, i Stavanger. Det nye vert då endringane i distribusjon og logistikk i vikingtid med bydanning, handel og seglskip. Då desse var på plass, kunne Åfjordsteinen plukkast ut som den beste mellom mange kandidatar, og utnyttast industrielt.

På den andre sida kan me tru at emna til kvernene i eldre

jernalder ikkje var løyste frå fast berg, men tildanna frå flate heller. Løysing frå fast berg var knytt til kyrkje- og klosterbygg, krossar og kvernstein i Vest-Europa. Det å hogge og løyse ein kvernstein frå fast berg på det viset som vart gjort i Åfjorden, var kunnskap som spreidde seg frå eit eksisterande kvernbrotsmiljø, til dømes frå Rhinområdet. I så tilfelle var aktiviteten i hogstberga frå starten regissert av menneske med makt, ressursar og nettverk – og i så tilfelle forut for vikingtida med bydanning, rikssamling og kristning.

Høvdingane i Nordfjord og Indre Sogn var vesentlege aktørar i maktpolitikken på Vestlandet i perioden før vikingtida. Dei måtte passere tett ved Åfjorden, Lifjorden og Bøfjorden i ekspedisjonane sine sørover. Møta deira med urbane strukturar, organisert handel, nye makt- og eigedomstilhøve langt i sør, gav grobottn for tiltak på heimbane. Mennene med sverd frå Byrkjeland og Kleive kan ha delteke i slike ekspedisjonar allereie 500-700. På eit tidspunkt vert så Åfjorden hekta sterkare inn i dette spelet, og då på grunn av kvernberga sine.

GRAV, KONGE OG KROSS

Overgang til ny gravskikk, krossproduksjon og krossreising kan ha falle saman i tid og i rom: Håkon den Gode Adalsteinfostre sitt kjerneområde på Vestlandet kring 950. Det synest å vere eit geografisk samanfall i kristning og krossar av Åfjordstein. I Sogn er det ein markert nedgang i graver på 900-talet i høve til 800-talet, og det finst knapt heidenske graver etter 1000. I Hyllestad synest alle å vere frå før 950. Eit liknande bilete ser me i Rogaland og på nordvestlandet, men ikkje i Hordaland. Her er det dobbelt så mange 900-tals som 800-tals graver, og endåtil ei handfull frå 1000-talet. Me kan såleis tenkje oss at det i Hordaland var ein særskilt motstand mot kristning og rikssam-

ling, som kan forklare holet i distribusjonen av Hyllestadkrossar i Hordaland. Dette holet kan moglegvis og setjast i samband med Harald Hårfagre sitt rike, som me i dag synest å ha rett lite påliteleg kunnskap om. Nyare tolkingar tek utgangspunkt i at Hårfagre før rikssamlinga var småkonge i Sogn, ikkje Vestfold. Dei hevdar òg at Hårfagre ikkje slost på bortebane på Hafrsfjord i Rogaland, men at dette allereie var kjernen i riket hans. Me veit såleis lite om korleis hordene stilte seg til Hårfagre. Sjølv om me ikkje reknar Hårfagre til kristningskongane så må han ha hatt eit særst tett band til Kong Adalstein i England, sidan han fekk fostra sonen Håkon hjå han. Mange hordar synest altså ha fått ei heidensk gravferd sjølv i og etter Håkon Adalsteinfostre si regjeringstid, som kan tolkast som at han arva eit Vestlandsrike med svak kontroll i midten. Dette kunne forklare kvifor krossar vart skipa den lange vegen frå Åfjorden til Rogaland, medan ingen synest å ha vore reist i Hordaland.

LIVETS STEINAR OG DØDENS RØYSER

Dei nye bitane i dette puslespelet vil neppe komme frå gravminne – dei vil komme frå dyrkingslag, kolmiler, smier, jernvinne, avfallshaugar kring kvernberga, handelstader, stolpehol og produksjonsanlegg av ymse slag. Gravminna er ein særst avgrensa ressurs, noko som går klårt fram av kartet fig. 3. Nokre overlevde den lange perioden fram mot hamskiftet i landbruket, mykje på grunn av at mange var hylla inn i segn og overtru om Rudkallar, Håkallar, vetter og makter. Nokre av desse igjen overlevde traktoren. Og no kan det synast som om nokre overlever dei siste krampetrekingane til sjølve jordbruket. Bjørk, selje, sprakje og lyng tek attende det opne kulturlandskapet, og dei tek attende beltet mellom riksveg og fjord der røysene ofte ligg. I framtida vil dei kanskje verte ei viktigare kjelde til

oppleving og undring, både for lokale og turistar. Kanskje dei skulle ryddast fram og leggest til rette for ein ny generasjon?

DEI VIKTIGASTE KJELDENE

- Auestad, Jan G. 1990: *Sogn i romertid og folkevandringstid: et samfunn i endring.*
- Baug, Irene 2002: *Kvernsteinsbrota i Hyllestad: arkeologiske punktundersøkingar i steinbrotsområdet i Hyllestad i Sogn og Fjordane. Skrift nr. 22 (Norsk bergverksmuseum). Kongsberg.*
- Foyn, Øvrebø Foyn 2008: *Rønset: en agrararkeologisk analyse av gården Rønset i Hyllestad, Sogn og Fjordane. Masteroppgåve i arkeologi. Universitetet i Bergen.*
- Helgen, Geir 1982: *Odd og egg : merovingertidsfunn fra Hordaland, Sogn og Fjordane. Arkeologiske avhandlinger 3, Historisk museum, Universitetet i Bergen.*
- Iversen, Frode 1999: *Var middelalderens lendmannsgårder kjerner i eldre godssamlinger? : en analyse av romlig organisering av graver og eiendomsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Arkeologiske avhandlinger og rapporter fra Universitetet i Bergen, 4*
- Iversen, Frode 2006: *Eiendom, makt og statsdannelse : kongsgårder og gods i Hordaland i yngre jernalder og middelalder. UBAS 6, Nordisk/Universitetet i Bergen.*
- Moberg, Eva 1992: *Vikingtidssverdene: hjemlig produserte eller importerte: med utgangspunkt i et lokalt sverd materiale fra Sogn og Fjordane.*
- Solberg, Bergljot *Jernalderen i Norge. Cappelen.*
- Sætre, Anja Nordvik 2008: *Sæsol: jordbruk i kvernsteinslandskap: en arkeologisk punktundersøkelse av en gård i drift. Masteroppgåve i arkeologi. Universitetet i Bergen.*
- Østigård, Terje 2007: *Transformatøren - Ildens mester i jernalderen. Rituelle spesialister i bronse- og jernalderen Vol. 2. Gotarc Series C, No. 65. Göteborg University. Gothenburg.*
- Artiklar i publikasjonane frå Hyllestadseminaret og Sogeskift frå Hyllestad.
- Fett, Per: *Førhistoriske minne på Vestlandet* (<http://www.arkeoland.uib.no/fastmFS.htm>)
- Tilvekst Bergen Museum (<http://www.arkeoland.uib.no/losemFS.htm>)